



REFERAT FRÅ MØTE I AVLSUTVALGET I SOGN OG FJORDANE PÅ NORTURA I FØRDE, 8. JUNI 2011.

Desse møtte: Audun Nedrebø, Kjell Mardal, Lars Nesse, Odd Vonen, Terje Ramstad (Mattilsynet), Kjell Steinar Løland. Forfall: Johannes Nedrebø.

Sakliste:

08/11 Godkjenning av Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

09/11 Referat frå møte 17/2 2011

Vedtak:

Godkjent uten merknad.

10/11 Referat frå møte i Regionutvalet 24/2

Vedtak: Orienteringa teke til vitane

11/11 Nytt frå Mattilsynet v/ Terje Ramstad

Terje Ramstad fortalde om ny Forskrift for smittesikring. Utkastet har vore på høyring i Mattilsynet, og vil koma på høyring i organisasjonane. Heile landet vil bli inndelt i regioner. Forslaget legg opp til at Hordaland og Sogn og Fjordane blir ein region. Det er ikkje lenger restreksjoner på grunn av blåtunge.

Det er i Sogn og Fjordane sendt ut 25-30 brev til sauehaldarar med store tap av lam, dette for å setja fokus på tiltak som kan redusere tapet.

Vedtak: Orientering frå Terje Ramstad vert teken til vitande.

12/11 Kåringa 2011.

Oppsett forslag til kåringssjå blei gjennomgått. Lærdal og Årdal kan ha felles kåringssjå, desse er med i same verering. Det blir med eigen PC-kårar der det har vore 50 lam på kåringssjå.

Kåringsansvarleg sender forslaget til lokallag av Sau og geit, for at dei skal vera orientert.

Vedtak: Framlagd plan for kåringa godkjent.

13/11 Budsjett for kåringa

Det framlagde budsjettet blei gjennomgått. Det er gått ut frå kåringsavgift på kr. 120 pr. møtt lam. Kåringa skal vera sjølvfinansiert, i budsjett er det rekna med 900 møtte lam.

Vedtak: Framlagt budsjett blei godkjent.

14/11 Oppfølging av arbeidsplan

Avlsutvalget er oppteken av å spreie avlsframgangen i vereringane ut til bruksbesetningane. For å få til dette må fleire sjå fordelene med å kjøpe kåra lam og indeksverer. Avlsutvalget jobbar vidare for å få til to temamøte om saueavl.

Vedtak: Avlsutvalget vil arbeida vidare for å få til møte i Sogndal og Stryn, lokale Sau og Geit lag må vera med i planlegginga av møta.

15/11 Dommarsamling

Det blir dommarsamling på Nortura sitt anlegg på Reset, dersom dette let seg gjera. Jobbar vidare med samling i veke 37.

Dei som skal vera dommar må vera medlem i NSG, og setja seg inn i Nsg sine kåringsreglar.

Vedtak: Arbeida med å få til dommarsamling på Reset. Regionkonsulenten får med instruktører til samlinga. Dei bør koma frå andre fylke i regionen for, dette vil bidra til meir lik bedømming over fylkesgrensene.

16/11 Saker som skal opp i avlsrådet

Avlsutvalget gjekk gjennom sakspapira til møte i Avlsrådet 20-21. juni. Referatet gjev uttrykk for Avlsutvalget i Sogn og Fjordane sitt syn på utplukka saker, og Audun vil vidareformidle desse innspela på møte i Regionutvalget 15. juni.

Nedanforståande samsvarer med sakspapir til Avlsrådet.

8.1 Voksenvekt

Det vil verta svært vanskelig å nå opp i 50% oppslutning. Arbeid med veging medfører ein del arbeid, gjer at fleire kan velja bort verering om dette blir eit krav. Oppfordrer til heller å bruke slaktevekt.

8.5 Fødselsvekt

Fødselsvekta bør ikkje auke.

8.6 Jur og speneform

Lite problem, men dette er ein viktig eigenskap.

9 Kjøttsau/farrase

Det er liten interesse for kjøtsau, må ikkje gå ut over avlsarbeid på NKS. Kjøttsau må vera tilgjengeleg på semin.

10 Vektlegging i O-indeksen

Det var einighet om å behalde same vektlegging som i 2010 for alle raser.

11.1 Størrelse på slaktegruppe på NKS

Går inn for å auke slaktegruppe frå 20 til 25.

Indekskrav med rett til granskingstilskot kan fortsatt vera 125.

11.2 Indekskrav spæl.

Indekskrav kan gå opp frå 115 til 118 for prøvever innsett ring 2012.

11.4 Pelssau – Granskingstilskot

Pelssaumiljøet i Sogn driv godt, dei får utrekna indekser og driv avlsarbeid som i andre raser.

Ring/avlsbesetninger forsyner heile landet med gode avlsdyr, desse blir teke inn til semin.

Får pelssauen granskingstilskot må dei få køreregler/krav som andre raser.

Eit samrøystes avlsutvalg vil gje granskingstilskot til pelssauen.

13.2 Ikkje livdyr inn i smittegrupa

Må vera forsiktige med å opna opp for ein innarbeida praksis, ikkje livdyr inn i ringen/avdeling.

14.4a Innsettkvote pr. avdeling – 5 prøveverer for å vera 1 avdeling

Dette vil føra til auke i antall avdelinger. Dette vil føra til fleire innsette prøveverer etter dei beste seminverene.

15.3 Seminkrav 2011.

Støttar framlagt forslag til vedtak.

17 Myostatintesting 2011-06-12

Avlsutvalget er einig i dei framlagde tiltaka.

19 Livdyrpriser 2011.

Avlsutvalget går inn for same rettleiane prisar som i 2010.

17/11 Møtegodtgjersle

Vedtak: Avlsutvalget tek årsmøtevedtaket til Sogn og Fjordane Sau og Geit om møtegodtgjersle til vitande.

18/11 Indekskøyringa

Vedtak: Planen for indeksberekninga vert teken til vitande.

19/11 Seminkurs

Vedtak: Prøve å få til seminkurs i Sunnfjord og Nordfjord, dette blir sendt som forslag til NSG.

20/11 Valg av nestleiar i avlsutvalget i Sogn og Fjordane.

Vedtak: Kjell Mardal er nestleiar.

Forsand 12. juni 2011

Kjell Steinar Løland